



Vang kommune
Tyinvegen 5161
2975 VANG I VALDRES

Saksbehandlar, innvalstelefon

Linn Christin Myhrer Rueslåtten, 61 26 60 59

Høyring - Vang kommune - Søknad om utsleppsløyve for Tyinkrysset reinseanlegg

Vang kommune søker om utsleppsløyve for tettgrenda Tyinkrysset med reinsing av avlaupsvatn på Tyinkrysset reinseanlegg. Høyringsfrist 1. oktober 2023.

Vi ber om at kommunen legg saksdokumenta ut til offentliggjennomsyn på servicetorget og på kommunens internettside. Statsforvaltaren vil leggje søknadsdokumenta på eigen nettside og sørge for kunngjering av søknaden i Avisa Valdres for søkars rekning.

Alle kan sende innspel og kommentere søknaden. Men vi ber spesielt om at søknadsdokumenta distribuerast til dei avdelingane i Vang kommuneadministrasjon med ansvar for helse, vassforvaltning og forureining, og at desse vurderer søknaden opp mot sine ansvarsområde. Vi ber også særskilt om innspel frå Vannområde Valdres. Innspela sendast Statsforvaltaren i Innlandet innan 1. oktober 2023.

Søknaden

Vi viser til vedlagde søknad frå Vang kommune, der det søkast om utsleppsløyve for tettgrenda Tyinkrysset. Tyinkrysset reinseanlegg skal utvidast frå dagens 1990 pe til 4000 pe, som er maksimal mogleg utviding for dette anlegget. Reinseanlegget er eit biologisk-kjemisk reinseanlegg med trommelfilter som etterbehandling. Reinsa avlaupsvatn sleppast ut i Fløgstrøndfjorden som er ein del av Begnavassdraget.

Basert på dagens tilknytningar til reinseanlegget er potensiell maksimal ukestilførsel til anlegget berekna til ca. 3000 pe.

Det vil vere behov for å etablere meir reinsekapasitet innan få år dersom hyttebygginga i tettgrenda held fram, og kommunen ser føre seg å løyse dette ved å bygge eit reinseanlegg nummer 2. Denne prosessen er ikkje omfatta av inneverande søknad.

Saksgang

Søknaden sendast på høyring med frist 1. oktober 2023. Statsforvaltaren vil deretter vurdere innkomne høyringsuttaler, vurdere om utsleppsløyve kan gis, og i så fall utarbeide eit utkast til løyve. Utkast til utsleppsløyve vil bli sendt kommunen og andre som har sendt inn høyringsuttaler før Statsforvaltaren gjer eit endeleg vedtak. Vedtaket vil kunne klagast på av dei med rettsleg klageinteresse.



Med helsing

Tore Pedersen (e.f.)
avdelingsdirektør

Linn Christin Myhrer Rueslåtten
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Søknad om utslippstillatelse etter kapittel 14 i forurensingsforskriften for Tyinkrysset renseanlegg.pdf
- 2 Vedlegg 1 Føresegn reguleringsplan Vassverk og reinseanlegg.pdf
- 3 Vedlegg 2 Plankart_Vassverk og reinseanlegg.pdf

Kopi til:

FORENINGEN TIL BÆGNAVASSDRAGETS
REGULERING

Hvervenmoveien 33

3511 HØNEFOSS

Vannområde Valdres

Tingvollbakkin 15

2930 BAGN

TYIN/FILEFJELL UTVIKLING AS

Grøvtølvegen 43

2985 TYINKRYSSET

STATENS VEGVESEN

Postboks 1010 Nordre Ål

2605 LILLEHAMMER

Mattilsynet Valdres

MATTILSYNET LOKASJON LEIRA I VALDRES

Felles postmottak

2381 BRUMUNDDAL

Postboks 383

Innlandet fylkeskommune

Pb. 4404

2325 HAMAR

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE) REGION ØST

Postboks 4223

2307 HAMAR